



Attvald partileiar Arne Gjellan takkar uskedelingen Leohnard Eik for lang innsats for Kristeleg Folkeparti i Kvinnherad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein av Uskedalens desiderte veteranar i politikken, Leohnard Eik, takka måndag kveld av også i Kvinnherad KrF under årsmøtet på AFA.
Ved siste val runda han av etter 24 år som medlem eller varamedlem i kommunestyret.**



Filip Rygg heldt foredrag på årsmøtet i Kvinnherad KrF. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eik har vore i styret for lokalpartiet i nær 30 år, dei fleste åra som kasserar, og årsmøtet slutta seg til ein stor takk frå valnemnda for trufast og god innsats i alle år..

Arne Gjellan frå Rosendal vart attvald som leiar for to år medan Hildegunn Eiane Aarhun frå Valen er ny i styret. Leif K. Kongestøl frå Ænes, Marit Lindekleiv frå Husnes og Frøydis Sjø frå Halsnøy Kloster var ikkje på val..

Også leiaren for kommunestyregruppa Otto Benjaminson sit i styret.

I årsmeldinga for gruppa som han la fram erkjente han at det har vore noko utfordrande å finna arbeidsforma i høve til den nye posisjonen. Ved fleire høve har partiet teke opp saker der det har påpeika formelle feil.

Samstundes har gruppa i enkelte saker samanfallande synspunkt med fleirtalet.

- Det er viktig for KrF å ha best mogeleg forhold også til posisjonspartia for å kunna påverka politikken i vår lei, held Benjaminson fram.

Om eigedomsskatten skriv han at KrF i utgangspunktet var skeptisk til eigedomsskatt i heile kommunen, men etter drøftingar i styret-/gruppemøtet kom ein til at det var naudsynt av omsyn til tenestene og den økonomiske situasjonen.

I ein resolusjon uttalar årsmøtet at det trengst avklaring om fergeleie på Stordsida no. All lokaltrafikk vil vera tent

med ei kortare seglingstid over fjorden og hyppigare avganger, Å la ferga gå langs land sørover langs Stord for ho går inn til Skjærsholmane er dårleg for miljøet og økonomien.

Andre mannen på Stortingsvallista, Filip Rygg frå Bergen, siterte i eit foredrag på årsmøtet partileiar Dagfinn Høybråtens ord om at politikk er å tjena våre medmenneske.

- Livskvalitet er partiets raude tråd. Vi må arbeide for at folk skal få det betre og ikkje nødvendigvis for at dei skal få meir, held Rygg fram og hevda at trend-pendelen no svingar i retning av Kristeleg Folkeparti.

- Vi må ikkje stimulera ei tevling om kven som skal få mest pengar, men legge til rette for gode valg og gode liv, sa Rygg..

Han streka under at KrF skal vera eit sannhetssøkjande parti, også i høve til det som skjer i Midtausten.

Av Ola Matti Mathisen